

VISITASFOREDRAG I ULVIK 19. JUNI 2022

Mitt fyrste oppdrag utanfor Bergen som biskop i Bjørgvin, var å delta på Ulvik kyrkje si 150 års feiring.

Det var ein god start på mi bispegjering i Bjørgvin. Dette er og den siste visitasen eg har, og då kan ein seie at ringen er slutta på aller beste måte.

Vi har og hatt fleire stiftsmøter, møte med alle prestane i Bjørgvin, her inne i Ulvik, så her føler eg meg heime.

Denne kyrkja er spesiell, ikkje minst med sine måleri innvendig som Lars Osa har gjort. Som det står: «Han skulle gjera kyrkja meir "uneleg"».

Dette visitasforedraget er ei oppsummering av mine inntrykk frå det kyrkjelege arbeidet i Ulvik. På slutten av foredraget vil eg koma med nokre punkt som eg vil bed dykk fylgja opp. Om eit år så vert soknerådet beden om å gje ei tilbakemelding på desse punkta.

Fyrst vil eg seie at står godt til med kyrkja i Ulvik. Eg er imponert og takksam for alt det de i soknerådet og de som er tilsette får til ut frå dei ganske små ressursane som er tilgjengelege.

Folket i Ulvik har eit sterkt eigarskap til kyrkja i bygda. Det finst andre stader på vestlandet der det kan vera ei viss splitting mellom dei kristne og dei andre, mellom ungdomshus og bedehus eller kyrkje. Mitt inntrykk er at her i Ulvik har kyrkja ei naturleg plass hos alle, men dei fleste går ikkje dit med mindre det er eit særskilt høve.

Dette kan vere ei utfordring når det kjem til oppslutninga på den vanlege kyrkjelege pulsen som t.d. gudstenester, men det er ei utfordring som dei fleste i Den norske kyrkja har. Eg vil oppmoda dykk alle til å tenkje at sundag er kyrkjedag. Vi treng å sjå kvarandre i fellesskapet i kyrkjelyden.

Eg har møtt mange engasjerte menneske her i Ulvik desse dagane. Etter morgonbøn i kyrkja på onsdag hadde eg eit møte med dei tilsette på kyrkjekontoret. Vi hadde ein runde der kvar og ein fortalte litt om sitt engasjement og sine arbeidsoppgåver. På papiret står det at de har 1,45 årsverk i tillegg til presten. Men når vi talte opp så var det då sanneleg 5 personar! Dei små prosentstillingane; 25 % kyrkjetenar, 25 % organist, 10 % trusopplærar og 5 % frivilligkoordinator, i tillegg til kyrkjeverje i 80%.

Stillingane er små, men engasjementet og kompetansen er stor bland dei tilsette. Så utfordringa er korleis klare å avgrensa seg, og samstundes halde motivasjonen oppe. Det vert lita tid til å tenkje samarbeid med så små stillingsbrøkar. Det kan nok vera litt einsamt å sitte aleine på eit kontor for kyrkjevevja, så vi er glade for at ordførar og rådmann no har invitert kyrkjevevja Wilma (Willemina Van Manen) til å ta med lunsjen over veggen og bort til rådhuset. Det vil ho ha glede av. Det kan også vere klokt av fleire grunnar å komme nærare plassen der ordførar og rådmann sit.

Vi hadde også eit godt møte med soknerådet og frivillige på Elvatun. Her kom det og fram mange gode idear, og det viste at her i kyrkja er det eit heilskapleg blick på Ulvik-bygda. Korleis skal ein så ta vare på dei som er i sorg, einsame og flyktningar? Sidan dei tilsettersursane er meir enn oppbrukte, så er dette eit område som i stor grad kan gjerast av frivillige.

For å arbeide meir med dette vil eg rå dykk til å setja ned eit diakoniutval. 3-4 personar som på fullmakt frå soknerådet kan arbeide med korleis ein kan få til ei heilskapleg og langsiktig tenking omkring dei diakonale utfordringane i soknet. De har jo allereie mange gode diakonale tiltak som til dømes eldretreffet på omsorgstunet, utdeling av blommar til jul for dei som har mista noko, og meir til. Hald fram med dette!

Det var og fleire som likte å vere tekstlesarar i kyrkja. Kanskje vi kunne få til eit kurs for tekstlesarar til inspirasjon og vidareutvikling av dette viktige engasjementet? Dette vil vi fylgje opp i samarbeid med prest og prost.

For borna har de tilbod om søndagsskule. Med dette knytt godt opp mot trusopplæringa så har de eit godt grep om barnarbeidet. Før korona så var de godt i gang med aktivitetar i trusopplæringa. Eg vonar at de vil halde fram med dette gode arbeidet. Det er kjekt for både born og foreldre å kunne samlast og gjera ting i lag, og i tillegg bli litt betre kjende med bibelhistoria og dei kyrkjelege høgtidene. Men det er viktig at de stiller opp og mobiliserer når det kjem slike tilbod frå trusopplærar Jorunn Bergo Aarvik og Janne Janne Kristin Stenseth Håheim i kyrkja.

Samarbeid og samkøying med alt det andre som finst i Ulvik er også ein god veg de har starta på. Samarbeidet med bygdekvinnelaget om leige av dåpskjole og juleverkstad er eit godt døme. Kanskje ein kan gjera noko meir ut av t.d. poesifestivalen, eller kva med å ha ei eige folkemusikkmesse?

De har også eit godt bibliotek her i Ulvik. Kanskje det kunne vere mogeleg å etablere eit tilbod utanfor kyrkja, som kunne ha fokus på den kristne kulturarven eller tekstane i Bibelen sett i eit litterært perspektiv eller grunnleggjande tema som tilgjeving, forsoning, nestekjærleik o.s.b.

Vi fekk også ei god innføring i Olav H Hauge på Haugesenteret. Eg er jo godt kjend med hans dikting, men det gjorde inntrykk å høyre meir inngående om hans liv og dikting. Eg trur at kyrkja i Ulvik har gode mogelegheiter for å kunne gjera seg enda meir nytte frå desse kjeldene. Eg vil berre seie: Vær frimodige!

Brubbyggjaren er eit godt sokneblad. Det er også smart å samarbeide med Eidfjord om dette. Det er eit blad med høg kvalitet og godt innhald. All forskning viser at sokneblad vert lest i Noreg, så og i Ulvik er eg sikker på.

Eg hadde ei god oppleving på torsdag på Brakanes skule. Der hadde elevane på 8.trinnet førebudd 40 spørsmål som eg måtte svara på. Eg vonar at eg fekk bestått i munnleg eksamen! Vi heldt fram med eit møte med lærarane som kom med gode innspel på korleis kyrkja og dei ulike klassetrinna kan få til eit enda betre samarbeide. Dette må de fylgje opp.

Eg fekk og halde gudsteneste på omsorgstunet. Det er kjekt at det og kan vera ein samlingsplass for mange andre i Ulvik. Det var ei veldig god oppleving for meg.

I tillegg til å møte skulen, så møter eg alltid kommunen når eg er på visitas. Vi hadde saman med kyrkjeverje Wilma og sokneråds- og fellesrådsleiar Knut Nes, eit godt møte, vil eg seie. Vi tok opp den vanskelege nedskjeringa som var i åra etter 2015, samt utfordringa med finansiering av nye omnar, og elles det ytre vedlikehald av gravplassar og plenar. Eg opplevde at ordførar og rådmann var lydhøyre for våre innspel, og det er von om at ein kan få til ein god dialog inn mot budsjettprosessar til hausten.

Det kom også fram at heradet er nøgde med at kyrkja kan vera open både for turistar og dei som treng ein stille stad i bygda. Det gjeld og dei mange kulturarrangement som skjer i kyrkja. Kyrkja vert opplevd som fleksibel og tenesteviljug.

Mitt inntrykk er at dei tilsette er dyktige og engasjerte, men at bemanningsgraden er heilt på bristepunktet når det gjeld å ivareta dei behov ein har for å få til alt ein gjerne vil gjere. Dei tilsette strekk seg langt for å finne

løysingar. Men ei noko større bevilling frå heradet ville gje kyrkja større moglegheiter til å bety noko for bygdefolket, og dei tilsette ville få betre vilkår.

De er så heldige å ha Magnar Haaland som sokneprest. Han vart diverre sjuk så han fekk ikkje vore med på visitasen. Mitt inntrykk er at de er nøgde med han, og det burde de ha all grunn til å vera. Eg vil spesielt takke han i dag for ein godt førebudd visitas, så du var med oss sjølv om du ikkje kunne vera til stades. Takk også til prost Arild Hellesøy som var med på visitasen og som er biskopen sin mann når eg sjølv ikkje er til stades i prostiet.

Og til slutt får de nokre utfordringar som oppsummerar denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei tilbakemelding om korleis de har arbeidd med dette:

1. Støtt opp om gudstenesta. Ha gjerne fleire temagudstenester slik som t.d. folkemusikkmesse.
2. Etabler ei fast gjevarteneste til arbeidet i soknet og rekrutter gjevarar. Ein burde kunne få finansiert litt større stilling spesielt knytt til barn og unge.
3. Opprett eit diakoniutval med eit heilskapleg og langsiktig sikte.
4. Vidareutvikle samarbeidet med lag og organisasjonar i Ulvik.
5. Lag ein god skule-kyrkjeplan i samarbeid med skulen.

Med desse utfordringane vil eg takka for meg og ønske Guds signing over denne vakre bygda og alle dykk som bur her!

Bjørgvin bispestol, 19. juni 2022

Halvor Nordhaug